

Kommunereforma er keisaren sine nye kle

Du blir ikkje kvitt byråkratiet ved å slå det saman med byråkratiet i nabokommunen – det blir berre dobbelt så stort. Du blir heller ikkje kvitt galne politikarar fordi du får lov å stemme på dei som bur i nabokommunen – dei er like galne der.

Alt vi har lært om vekst og klynger som «framsnakkar» felles mål – kan ikkje overførast til kommunane. Du kan ikkje framsnakke ein sjukeheims plass eller eit dårleg SFO-tilbod. Berre den som har skoen på, veit kvar han trykker. Alle kan lære eller samarbeide om kvaliteten i tenesta – men for å vite korleis denne kvaliteten skal implementerast lokalt – ja, då må du ha byråkraten eller politikaren lokalt. Ingenting tyder på at arealplanar og samfunnsutvikling glir lettare gjennom eit større byråkrati berre fordi det ser heilheita i eit fugleperspektiv. Erfaringa tyder på det motsette.

Framsnakk kommunen, ikkje reforma

Dei som seier at vi må framsnakke reform og samanslåing seier i same andedrag at kommunen ikkje er god. Det er motsett av framsnakking – det er baksnakking. Det same gjeld dersom folk snakkar ned kommunal sektor ved å drage parallellar med «synergiane i næringslivet.» Samfunnsutviklinga er enorm og utan sidestykke i dette landet frå før. Det blir ikkje kortare til sentrum fordi vi stryper politisk og administrativ handlekraft i ei trakt. Skal vi utvikle samfunnet må det skje naturleg, ved prøving og feiling, steg for steg og med fridom til sjølv å bestemme korleis det skal gjerast. I staden får vi reform, med truslar om tvang, økonomisk stryping og overstyring: – eit ran av demokrati, sjølvstyre og økonomi. Det er dette som har kome fram i prosessen til no, og dette vi må seie nei til, ikkje endring og positiv utvikling, som vi er for.

Endringsprosessar må ha samsvar mellom behov og visjon. Behovet i kommunale tenester er å bli kvitt fleire milliardar i gjeld for å yte eit minimum av lovpålagde tenester. DET er behovet – stikk i strid med visjonen Sanner legg fram: litt overgangsmidlar og glasperler i 15 år. Då er fristen for økonomisk innstramming ute – og vi får beskjed om å spare. Akkurat der er ein parallell til næringsliv eller reformerte helseføretak eller politireform: innsparing. Problemet er berre at kommunen kan ikkje endre marknadssegment slik som næringslivet kan. Det er fordi vi ikkje har kundar, men innbyggjarar.

Naken visjon

Det vanlegaste med reformer er manglande gjennomføring. Visjonar manglar aldri. Grunnen til at dei er umoglege å gjennomføre er at dei ikkje passar med behovet. Samd? Ja, då treng du ikkje tenke meir på kommunereforma – for den handlar ikkje om verken lokaldemokrati eller styrking av regionane våre lenger. Kommunereforma er keisaren sin nye kle. Det har vore lovord og prat i fleire år – liks andre reformer – og dei slit vi med enno. Skreddaren er Sanner og folk som vil kutte/klippe kommunal økonomi og lokale tenester. Reformagitorane baksnakkar kommunen. Typisk for reformer er å spå ei framtid, og så tippe kva vi skal gjere. Vel, der er ingenting som tilseier at vi ikkje taklar framtida i kommunane. Spør du ein meteorolog om veret i morgon, er det sannaste svaret faktisk at vêret blir om lag som i dag. Det betyr at endringar bør kome litt og litt: vi bør stole på fakta, ta vidare det som fungerer og prøve noko nytt berre på det som ikkje fungerer, slik prof. Peder Haug kommenterer skulereformene.

Når Sanner er på reformreise, er det for ein annan visjon – det skin gjennom no. Sentralisering og kutt. Tenk å føreslå at dersom du tilfeldigvis bur på feil plass – ja, då stryper vi inntekta di. Nei, vi gjev ikkje etter for utpressing. At kommunar må slå seg saman fordi dei taper sekssifra beløp, er kråkefot på debatten om reform. Kva skal vi med prosess då? Lokal medverknad er ein skinnprosess – Staten overstyrer uansett. Kommunaldepartementet har brukt meir tid på innsalg enn innhald. Kommunereforma har ikkje kle på seg!

Kristian Fuglseth, varaordfører i Hareid kommune